

Jobbar for å gle andre

Måndag arrangerte valfaggruppa «Innsats for andre» på Nore Neset ungdomsskule eldretreff i foajeen. Overskotet frå dagen skal blant anna gle kreftramma born.

BENJAMIN SØGNET OLSEN
benjamin@osogfusa.no

Då Os og Fusaposten vitja eldretreffet måndag føremiddag, var Innsats for andre-elevane i full gang med loddtrekking.

- Inntekta frå loddsalet går til valfaglina, men me bruker det på gode føremål, fortel Eline Drange.

- Neste veke skal me til Haukeland for å dela ut julegaver til kreftramma born, skyt Henrikke Kvittingen inn.

Bilvask og barnehagejobbing

Valfaget var nytt i haust. Drange og Kvittingen verkar vera nøgde med valet sitt.

- Me har fått gjera ulike ting i haust for å hjelpa andre. Me har vitja Luranetunet for å hjelpa til der, samt vaska bilar og jobba i barnehagar, seier Kvittingen.

- Kva er programmet vidare dette skuleåret?

- Det er me litt usikre på. Me skal starta planlegginga etter at me er ferdige med eldretreffet, seier Kvittingen.

Besteforeldra tilstades

Dei to jentene var usikre på kor mange seniorar som var tilstades, men dei to hadde i alle fall besteforeldre i publikum.

- Me hadde venta mellom 100-150. Eg trur ikkje me er så langt unna det talet, seier Drange.

Utanom loddsal baud elevane på rundstykker, saft, kaker, kaffi og te. Elevar frå valfaggruppa «Sal og scene» stod for underhaldninga.



Eline Drange og Henrikke Kvittingen trivst i den nye valfaggruppa «Innsats for andre» på Nore Neset ungdomsskule. Neste veke skal elevane levera julegaver til krefttramma born på Haukeland universitetssjukehus.

Rikeleg med besteforeldre tok turen til eldretreffet på Nore Neset måndag.



Gjer ord til handling

Det kan ofte vera lett å seia at ein bryr seg, men "Bry-deg-skulen" Fusa ungdomsskule gjer handling av orda.

BENJAMIN SØGNET OLSEN
benjamin@osogfusa.no

- Me er ein bry-deg-skule. Dette vert det jobba grundig med alt frå elevane startar i 8. klasse. Det er lett å seia at ein bryr seg, men det er viktig å gjera ord til handling, seier rektor Maylin Torgilstveit.

Såleis er desember ein viktig månad for skulen.

- Me ønskjer å minna elevane våre på at julefeiringa ikkje berre handlar om å få, men også om å gje, og ikkje minst om å bry seg, seier Torgilstveit.

Elevane skal jobba i heimen

I år skal skulen samarbeida med Robin Hood Huset, og støtta Nordic Choice-hotella sin kampanje «Ensomt juletre søker gaver».

- Måndag 21. desember blir ein jobba-heime-dag for elevane. Der skal dei gjera ulike arbeidsoppgåver, for foreldre, besteforeldre eller andre. Desse arbeidsoppgåvene vil kosta mellom 10 og 50 kroner å få utført.

- 22. desember skal elevane ha med pengane i ein konvolutt, som me skal gje til Robin Hood Huset, seier Torgilstveit.

Samlar inn leikar og klede

Til «Ensomt juletre søker gaver», har elevane fått i oppgåve finna fram leiker som dei er blitt for

store til å bruka, eller ikkje lenger treng, samt klede som dei har vakse ut av. Dei skal pakkast inn som ei gåve og merkast med kva kjønn dei passar til, og kva alder.

- Det er ikkje meininga at elevane skal kjøpa noko nytt. Brukt og brukande er supert, seier rektoren.

Rektor ved Fusa ungdomsskule, Maylin Torgilstveit, fortel at elevane på skulen skal leggja ned ein ekstra innsats fram mot jul for å visa at dei bryr seg om andre. Biletet er teke nett etter at ho hadde starta i jobben ved ungdomsskulen. (Foto: Camilla Kvamme)

